

Framleis god drift av vassverket

06.05.2015



Årsmøtet hadde ingen kritiske merknader om vassverket

Vassverket driv rimeleg, slo leiar Hans Reidar Kjærland fast under årsmøtet på skulen i kveld og tala som vart lagt fram og vedteke bekrefta i høg grad at det er rett. Økonomien er god etter inntekter på 1 190 856 kroner og utgifter på 1 039 304 kroner i fjor og ved årsskiftet var gjelda 424 000. Då var 323 731 uteslåande. Mykje av dette er no innbetalta, men framdels er noko uteslåande. I fjor vart vassavgifta auka med 8-9 prosent og det ligg ikkje nokon ytterlegare auke i korta no for private. Under årsmøtet lufta leiinga kva dei frammøtte meiner om næringsprofilen på vassavgifta og fekk tilslutning for denne.



Kjærland og Myklebust - framleis solide krumtappar i det private vassverket i Uskedalen

Den kommunale vassavgifta for private er no tett oppunder 5000 kroner medan vassverket i Uskedalen opererer med 2000 kroner mindre,

I fjor kom det 23 nye abonnentar og dagleg leiar Terje Myklebust seier til uskedalen.no at ein må svært langt tilbake for å finna ein så stor auke hvis ein i det heilettatt finn det. Den har samanheng med den auka

bustadbryggjinga i bygda - i Skårhaug, Ospelunden, Eikelandet, Nedre og Øvre Halsabrotet. No er det rundt rekna 455 luteigarar.

i 2014 produserte selskapet omlag 180 000kubikkmeter råvatn frå Eikeelva og 80 prosent gjekk til lutleigarane medan 20 prosent vart rekna som lekkasje på leidningsnettet. Det er ingen forureining frå anlegget og både miljø- og ulukkesrisikoen er låg.

Også bemanningsmessig er vassverket vårt svært stabilt ettersom Kjærland og Myklebust framleis er krumtappane og fekk fornya tillit ikveld.

Dei som elles sit i styret er Johannes K.Feet, Anne Guri Kildal, Tor Ove Rød og Øyvind Sture.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen